

Møte i det kommunale foreldreutvalet, KFU, skule, 23.5.2017, kommunestyresalen, kommunehuset.

Til stades:

Lise Halvorsen, Seljord barneskule

Ingvill Lie Ståland, Gunn Golid Slåkvik, Seljord ungdomsskule

Anne Bente Kasland Groven, Frode Dyrland, Flatdal skule

Tone Bøhn og Ronde Schade, skuleadministrasjonen

Sak 01/17: FAU/KFU - organisering, funksjon.

Presentasjon av organisering av foreldresamarbeidet innanfor skulesektoren, FUG (Foreldreutvalet for grunnskulen) , KFU (Kommunalt foreldreutval, FAU (Foreldra sitt arbeidsutval) ved kvar skule.

FU bør helst ha to møte per år. Formålet med møta er å snakke saman om saker som gjeld grunnskulesektoren, ikkje spesifikt enkeltskulane. Dette skuleåret blei det ikkje møte om hausten, difor legg vi ikkje opp til val av leiar av KFU i år.

Sak 02/17: Budsjett 2017 og økonomiplan 2018-20. Innsparing

Blei noko usikkerheit ved den eine skulen i samband med budsjettarbeidet og drøfting av innsparingar hausten 2016. Drøftinga i formannskapet og mediadekninga i lokalavisa blei tolka slik at ein var redd skulestruktur skulle opp att som tema.

FAU ved Flatdal skule ynskja at FAU ved alle skulane skal stå saman om eit innspel til politikarane om at no bør alle skulane skjermast. Det er store vedlikehaldsbehov ved alle skulane, og skulesektoren i Seljord bruker lite på skule samanlikna med andre kommunar i Vest-Telemark. Flott at foreldra ynskjer å kome med innspel til politikarane, det verker tydelegvis. Kan vere lurt at FAU ved dei ulike skulane samordnar innspel til politikarane, og der kan møte i KFU vere lurt å bruke.

Kommunestyret har vedteke ei ekstra bevilgning til skulebøkar til alle skulane, 175.000,-. Det er alle foreldra veldig nøgde med.

Skulesektoren legg opp til gjennomgang av læreboksituasjonen ved alle skulane. Det kjem etter kvart ny læreplan, og då vil det truleg bli behov for nye lærebøker i dei fleste faga. Bygga ved skulane er nedslitne, nettverka ved skulane held ikkje godt nok med auka digital bruk, m.a. ved nasjonale prøver, nokre av skulane har for dårleg toalettforhold for elevane m.m..

Foreldrerepresentant frå ungdomsskulen etterlyser engelsk fordjuping som valfag ved ungdomsskulen. Ronde sjekkar det.

Kommunestyret skal ha strategimøte 14. juni. Det er eit ope møte. Det er starten på ein prosess fram mot budsjettet. Budsjettframlegget til Ronde skal vere ferdig i november. Kan det vere aktuelt med eit møte i KFU i oktober? Då kan alle skulane rekke møte i FAU, ev. SU, før det.

Elevprognoser framover syner ei lita nedgang i sentrum, men i Flatdal ser det ganske stabilt ut framover. Jamt over er det ikkje store endringar. Politikarane har bestemt at skulestrukturen er freda inntil vidare.

Viktig å satse på skule og kvalitet i skule, m.a. for rekrutteringa av barnefamiliar.

FAU må jobbe inn mot politikarane, krevje at dei stiller opp i SU-møta. Kan og jobbe inn mot politikarar enkeltvis og i dei politiske utvala.

Ronde har meldt behov for ei godkjenningrunde for alle skulane neste skuleår, og han ynskjer at det blir gjort av eit eksternt firma.

Ronde legg fram ein tilstandsrapport for kommunestyret kvart år. Det er ein gjennomgang av resultat frå nasjonale prøver og undersøkingar, og noko om satsingane i skulesektoren. Eit av framlegga der er fem dagars veke for alle elevar.

Sak 03/17: Arbeid med innføring av fem dagars skuleveke for alle elevar 2018/19

Det blir framlegg om 5 dagars veke for alle elevar frå hausten 2018. Dette er ikkje politisk vedteke enno, men skal jobbast med neste skuleår. Det må i så fall inn i budsjettet for 2018-19.

Må føre til endringar med skyss, SFO, leksehjelp, kulturskule m.m. Dette byrjar skulesektoren å sjå på i haust.

5. klasse skal starte med fem dagars veke heile året frå hausten, dette grunna ekstratimar til trinnet i statsbudsjettet.

Vi ynskjer uansett å sjå på SFO-ordninga, vi ser at ordninga i dag er for dyr for mange familiar, dermed er det mange som ikkje brukar ordninga.

Sak 04/17: Skuleruta 2017-18

Den er lagt ut på heimesida. Søk på skulerute. Skuleruta er i stor grad styrt av Fylkeskommunen, og alle lokale endringar vil koste oss alle ekstra skyssutgifter som avvik frå fylkeskommunen si skulerute.

<http://www.seljord.kommune.no/tjenester/skule-og-utdanning/skule-i-seljord>

Sak 05/17: Bruk av kommunal heimeside for FAU (referat m.m.).

Vi legg ut referat frå FAU og SU-møte ved skulane, avhengig av at rektorane sender det til Tone Bøhn som jobbar med dei kommunale heimesidene.

Sak 06/17: Andre saker, eventuelt

- Referat frå KFU blir lagt på heimesida under skule
- Foreldrekontakt ved ungdomsskulen tek opp om foreldre kan arrangere festen for 10.klassingane etter den offisielle skuleavslutninga slik at den ikkje blir heilt "sjølvstyrt" av ungdomane. No ligg det i korta at dette blir ein fest med alkohol, i fylgje elevane. Foreldra ynskjer å bryte den tradisjonen, og har teke eit initiativ for ein fest utan alkohol, med krav og tilbod om hjelp til ungdomane. Elevane har laga ein festkomite, foreldra skal vere hjelperar og vakter. Har samarbeidd veldig bra med ungdomsskulen. Veldig bra initiativ!!!!!! Alle i KFU støtter initiativet! Håpar at denne foreldregruppa kan levere stafettpinnen vidare til neste års 10.klasse-foreldregruppe.
- Viktig at det blir vald nytt FAU ved alle skulane tidleg på hausten. Ronde kallar inn til møte i KFU i september - oktober.

Ref. Tone Bøhn
Pedagogisk konsulent